

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
035/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/1537	18/8237

Løyving til kulturminne i privat eige

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Radøy kommune har i mange år fordelt midlar frå avkastninga av kommunen sitt kulturminnefond til restaurering og vedlikehald av kulturminne i kommunen. På grunn av at avkastninga frå fondet grunna rentenivået for tida er svært låg og for å følgja opp kulturminneplanen som vart vedtatt i 2017, vart det løyvd 40 000 kroner ekstra til kulturminne i privat eige i budsjettet for 2018. Radøy kommune skal dermed i 2018 dela ut totalt 65 800 kroner til kulturminne i privat eige. Det er ikkje tatt stilling til korleis dei ekstra midlane skal fordelast.

Vurdering

Dei noverande statuttane for Radøy kommune sitt kulturminnefond vart vedtatt i kommunestyret 30. mai 2013 i sak 16/13. Statuttane seier kva tiltak som kan få midlar, krav til søknaden, korleis dei skal kunngjerast, korleis dei skal betalast ut og storleiken på tilskotet. Søknadsfristen for kulturminnefondet er 1. september. Framlegg til vedtak om fordeling av midlar vert gjort av rådmannen, medan formannskapet gjer endeleg vedtak.

Rådmannen meiner at den ekstra løyvinga bør delast ut saman med avkastninga frå kulturminnefondet og etter dei same retningslinene. Dette vil gjera det meir føreseieleg for dei som ynskjer å søkja midlar frå fondet og det vil også vera mindre ressurskrevjande for administrasjonen å handsama alle søknadene i ein søknadsrunde og etter dei same retningslinene. Søknadsfristen på 1. september gjer òg at kommunen kan fatta vedtak før søknadsfristen til Norsk kulturminnefond (1. november) og søknadsfristen for midlar frå Hordaland fylkeskommune (1. desember).

Kulturminneplanen som vart vedtatt i kommunestyret 7. desember 2017 sak 057/17 prioriterer kulturminna i ulike verneklassar. Kulturminneplanen seier at dei kulturminna som er plassert i dei øvste verneklassane skal prioriterast ved tildeling av midlar. Verneklassane i kulturminneplanen vil såleis verta lagt til grunn ved fordeling av midlar til kulturminne i kommunen.

Konklusjon

Dei ekstra midlane som vart løyvd i budsjettet for 2018, i tillegg til avkastninga frå kulturminnefondet, til kulturminne i privat eige bør fordelast saman med avkastninga for kulturminnefondet. Statuttane for kulturminnefondet til Radøy kommune bør leggjast til grunn.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Løyvinga på kr 40 000 til kulturminne i privat eige i budsjettet for 2018 vert fordelt saman med avkastninga frå Radøy kommune sitt kulturminnefond og etter statuttane for fondet.

Formannskapet i Radøy - 035/2018**FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Løyvinga på kr 40 000 til kulturminne i privat eige i budsjettet for 2018 vert fordelt saman med avkastninga frå Radøy kommune sitt kulturminnefond og etter statuttane for fondet.

Vedlegg:

Statuttar for Radøy kommune sitt kulturminnefond